

## ***STYREPROTOKOLL***

Tysdag 21. februar 2017 heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.00 – 17.45
<b>AV MEDLEMMENE MØTTE:</b>	Astri Furumo og Siv Bente Stople Østbø
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Randi I. Rettedal
<b>FORFALL:</b>	Simon Nässe (nestleiar)
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar Toril Hallsjø
<b>INNKALLING:</b>	Ingen merknader
<b>SAKSLISTE:</b>	Østebø ønske å drøfte møteplan under Evt. Dagleg leiar varsla nytt pkt. 7 under referat-sakene. Elles ingen merknader.

### **Følgjande saker blei handsama:**

#### **SAK 1/17 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 06.12.16**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Protokoll frå styremøtet 06.12.16 blir godkjent.

**Styrehandsaming 21.02.17:**

Styret hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak 21.02.17:**

*Protokoll frå styremøtet 06.12.16 blir godkjent.*

#### **SAK 2/17 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.02.17**

1. KS-Bedrift - Offentlige anskaffelser – ny nasjonal terskelverdi fra 01.01.17
2. KS Bedrift - Kommunesammenslåing og interkommunale selskaper
3. KS Bedrift - Offentlighet og innsyn i styrearbeid
4. Endringer for skattefri kilometergodtgjørelse og ny avtale om jevnlig bruk av egen bil – sats ned til kr 3,50 pr km og inntil kr 13.000 pr. år fra 01.01.17.
5. Kontrollutvalgskonferansen 1.-2. februar på Gardermoen - tilbakemelding
6. Sekretariatskonferanse 21.-22. mars på Lillestrøm
7. KS-Bedrift - Innkalling til årsmøte 08.03.17 på Fornebu

**Styrehandsaming 21.02.17:**

Dagleg leiar orienterte og styret kom med kommentarar.

**Samrøystes vedtak 21.02.17:**

*Referatsakene 1- 7 blir tatt til orientering.*

**SAK 3/17 – STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2017**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Statusoversikt pr. februar 2017 blir tatt til orientering.

**Styrehandsaming 21.02.17**

Økonomirapport pr. 21.02.17 blei delt ut. Dagleg leiar orienterte om arbeidssituasjonen, utviklingstiltak, økonomien og planar. Styret sette fram ønskje om anna periodeval. Dagleg leiar vil sjå nærare på dette. Rettedal tilrådde bruk av kyrkjevevja i Tysvær sin mal til medarbeidarsamtalene.

**Samrøystes vedtak 21.02.17:**

*Statusoversikt pr. februar 2017 blir tatt til orientering.*

**SAK 4/17 – ÅRSOPPGJER 2016 OG UTKAST TIL ÅRSMELDING 2016**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik han ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Styret godkjenner årsoppgjeret 2016 for HKS IKS slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 35.341.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til opptent eigenkapital.

**Styrehandsaming 21.02.17**

Dagleg leiar orienterte om rekneskapen og årsmeldinga. Styret var nøgd med resultatet. Rettedal stilte spørsmål om årsmeldinga burde ha vore kortare. Dagleg leiar viste til at den dekka to deler: styret si melding (lovkrav til innhald ) og rapport om sekretariatet sin aktivitet. Utvalet var samd i å halde på form/oppsett.

Østbø meinte siste setning i nest siste avsnitt kunne gå ut, og at det heller burde stå «tilført eigenkapitalen» i fyrste setning i avsnittet. Styret slutta seg til endringane på side 1. Styret hadde ingen merknader til side 2. Østbø reagerte på fallet i renteinntekter. Rettedal viste til at nivået no generelt er lågt. Dagleg leiar blei likevel oppmoda til å sjekke vilkåra og å få ein ny kapitalkonto, i tillegg til driftskontoen.

Årsmeldinga side 2 og rekneskapen blei signert. Sekretæren sendar dokumenta til KPMG. Sak kjem opp igjen i neste møte saman med revisjonsmeldinga.

**Samrøystes vedtak 21.02.17:**

*Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik han ligg føre med endringar på side 1.*

*Styret godkjenner årsoppgjeret 2016 for HKS IKS slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 35.341.*

*Styret vil gjere framlegg om at årets overskot blir lagt til eigenkapitalen.*

## **SAK 5/16 – REGULERT BUDSJETT 2017**

### **Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Styret godkjenner regulert budsjett for 2017 slik det ligg føre.

### **Styrehandsaming 21.02.17:**

Dagleg leiar orienterte om føreslåtte endringar. Styret hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak 21.02.17:**

*Styret godkjenner regulert budsjett for 2017 slik det ligg føre.*

## **EVENTUELT**

### Møteplan for 2017

Østbø opplyste at ho ville få møtekollisjon 04.04 og 19.09, då Vindafjord kommunestyre også hadde lagt møta sine til dessa dagane. Styret var samde om å flytte møtet i april ei veke tidlegare, til **måndag 27. mars kl. 15.30** og det andre møtet ein månad seinare, til **torsdag 19. oktober kl. 16.00**. Desembermøtet blir som tidlegare 05.12.17.

Varsel om dato for representantskapsmøtet **måndag 24. april kl. 18.00** blei sendt ut i januar. Saksdokumenta skal ut minst 14 dagar før, dvs. før påske. Dagleg leiar og nestleiar møter, då styreleiar har meldt forfall.

### Dagleg leiar og tillitsverv/bistilling

Styreleiar informerte om at dagleg leiar hadde kontakta ho før svarte fylkesmannen på spørsmålet om å vere kandidat til verv som medlem av tilsynsrådet ved kriminalomsorga sine fengsel for region sørvest. Det er fylkesmannen som gjer framlegg om kandidat og justisdepartementet som vel medlemmar for to år. Styreleiar og nestleiar hadde ikkje sett seg i mot dette.

Styret meinte vervet kunne la seg kombinere med stillinga, då dagleg leiar har mykje kveldsarbeid med avspasering, og at vervet ville vere ein variasjon frå daglege oppgåver og gje ho ein vidare horisont når det gjeld samfunnet rundt oss.

I følgje endra møteplan vil det neste styremøtet vere **måndag 27. mars kl. 15.30**.

Aksdal, 21 februar 2017

Astri Furumo ( sign.)  
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Dagleg leiar